



Vedtekter for Landbrukstenester Folgefonna



**Landbrukstenester
Folgefonna**

- ditt lokale vikarbyrå

§ 1 Organisasjon.

Landbrukstenester Folgefonna SA. Org. Nr. 974254514

nedafor kalla laget, er eit andelslag etter samvirkeprinsipp med avgrensa økonomisk ansvar SA, vekslande kapital og medlemstal. Medlemene hefter berre med sitt andelsinnskot for gjelda til laget.

Laget sitt hovudkontor ligg i Kvinnherad kommune.

§ 2 Føremål.

Laget si hovudoppgåve er å skaffa kvalifisert arbeidskraft til sine medlemmer/kundar.

Laget kan og administrera andre former for samarbeidstiltak som kan bidra til å styrkja landbruket og vera utviklande for lokalmiljøet.

Laget skal arbeida målretta for å bidra til å betra medlemene sitt driftsresultat, trivsel og tryggleik.

§ 3 Ansvar.

Laget skal stå som arbeidsgjevar for dagleg leiar og andre kontortilsette. Dei kan og tilsetje avløyssarar og anna arbeidskraft med tilhøyrande arbeidsgjevaransvar. Arbeidsgjevaransvaret skal stå i forhold til arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

§ 4 Medlemskap/Andeler.

Laget skal vera ope for medlemskap for alle sjølvstendige næringsdrivande som eig og/eller driv ein landbrukseigedom.

Kvart foretak kan berre teikna seg for ein andel. Innmelding skal vera skriftleg til styret.

Kvar andel kostar kr. 200,-. Andelen fylgjer foretaket, ved eigarskifte vert andelen overført til ny eigar dersom ikkje utmelding føreligg. Andelen vert ikkje forrenta.

§ 5 Nyting av årsoverskot

Korleis årsoverskotet skal kunne nyttast vert vedteke av årsmøtet etter forslag frå styret. Det kan ikkje vedtakast å nytta eit høgare beløp enn det styret føreslår eller godtek, men årsmøtet kan sjølv vedta nytting innanfor følgjande rammar:

1. Godskriving av føretakets eigenkapital
2. Etterbetaling (jf. samvirkelova § 27)
3. Avsetting til etterbetalingsfond (jf. samvirkelova § 28)
4. Avsetting til medlemskapitalkonti (jf. samvirkelova § 29)
5. Forrenting av lutar og medlemskapitalkonti (jf. samvirkelova § 30)

Kommentar:

Ifølgje Samvirkelova § 10 skal vedtektene innehalde føresegn over korleis overskot skal kunne nyttast. Alternativa er punkt 1-5 ovanfor. Laget avgjer sjølv kva alternativ som er aktuelle, men vedtektene må innehalde minimum eit punkt. For dei fleste vil punkt 1-3 vere aktuelle.

§ 6 Rettar og plikter.

Medlemene må til kvar tid retta seg etter lover og reglar som gjeld for dei tenester som laget utfører, eller som årsmøte eller styret har vedteke. Kwart medlem har, så langt som mogeleg, rett til hjelp for å skaffa arbeidskraft/avløysing tilpassa deira behov. Når laget står som arbeidsgjevar for arbeidstakarane, og betalar ut lønn til desse, pliktar kvart medlem å betala sine kostnader til rett tid.

Laget pliktar å teikna forsikring for yrkesskade og ansvar, samt obligatorisk tenestepensjon for alle som mottek lønn gjennom laget.

Alle som kjøper tenester frå laget har ansvar for arbeidsmiljøet på arbeidsplassen etter gjeldande reglar i arbeidsmiljølova.

Dei pliktar og å gje informasjon og opplæring til arbeidstakaren etter gjeldande krav i AML og KSL.

Medlemer/kundar som blir påført ansvarsskade har sjølv det økonomiske ansvaret for eigenandelen ved forsikringsoppgjer. Skaden må skuldast aktløyse frå arbeidstakaren si side.

§7 Utmelding/Eksklusjon.

Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato og fram til 31. desember same år. Seinare følgjer medlemskapen kalenderåret. Utmelding skal skje skriftleg til styret seinast 6 månader før utgangen av året.

Medlem som bryt vedtektene eller føresegner som er gitt i medhald av desse eller på annan måte forsømmer sine plikter ovafor laget, kan ekskluderast frå laget.

Styret kan fremja slikt krav, dei kan og fremja krav om skadebot for dei tap som laget er påført. Seinast 8 dagar før styret handsamar saka, skal medlemen ha skriftleg varsel og få høve til å uttale seg innan ein rimeleg frist. Medlemen kan anke styrevedtaket inn for årsmøtet.

Ved utmelding/eksklusjon har medlemen rett å få betalt attende sin andel dersom laget sin økonomi gjev rom for det. Innbetalt kontingent eller administrasjonsavgift vert ikkje betalt attende. Det kan heller ikkje stillast krav om andel av laget si eiga (formue). Utmeldt/ekskludert medlem kan ikkje ha tillitsverv i laget.

§ 8 Årsmøtet.

Årsmøtet er laget sitt øverste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av april.

Samansetjing:

Kvar kommune i laget sitt dekningsområde har krav på utsendingar ut frå medlemstalet i kommunen.

1 til 49 medlemmer	- 1 utsending
50 til 99 medlemmer	- 2 utsendingar
100 til 149 medlemmer	- 3 utsendingar
150 til 199 medlemmer	- 4 utsendingar
Over 200 medlemmer	- 5 utsendingar

Det er medlemstalet 31/12 året før som er grunnlag for valet.

Berre medlemmer kan veljast som utsendingar.

Laget sitt styre er ansvarleg for at det vert gjennomført val av utsendingar til årsmøte. Oppgåva vert delegert til valnemnda.

Berre medlemmer som har kjøpt tenester frå laget, har hatt utlønning siste året, kan veljast til tillitsverv i laget.

Styret og valnemnda møter på årsmøte med røysterett.

Innkalling og sakliste skal kunngjerast for dei valde representantane minst 14 dagar før årsmøtet.

Saker som eit medlem ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vera kome skriftleg til styret innan 1.februar.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemene krev det.

Kvar utsending har 1 røyst. Utsendingane kan møta med skriftleg fullmakt, men ingen kan møta med meir enn ei fullmakt.

Gyldig vedtak krev vanleg fleirtal, dersom ikkje vedtektene krev noko anna. Ved likt røystetal avgjer møteleiaren si dobbeltrøyst, unnateke ved personval der utfallet, om naudsynt vert avgjort ved loddtrekning etter to røystringar. Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av to representantar valde av årsmøtet.

På årsmøtet skal følgjande saker handsamast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
 2. Val av møteleiar mellom dei som har røysterett.
 3. Val av skrivar.
 4. Val av to representantar til å skriva under møteboka.
 5. Styret si årsmelding.
 6. Rekneskap og revisjonsmelding.
 7. Arbeidsplan for komande år.
 8. Budsjett for komande år, til orientering.
 9. Godtgjersle til tillitsvalde
10. Val:
- val av styreleiar for 1 år.
 - val av styremedlemer for 2 år.
 - val av 2 nummerte vararepresentantar til styret frå kvar krins for 1 år.
 - val av nestleiar
 - val av revisor
 - val av medlem og varamedlem til valnemnd
11. Andre saker som er med i innkallinga.

§ 9 Krinsmøte.

For å ivareta medlemene sin påverknad av drifta vert laget delt i to krinsar, krins 1 Hardanger krins 2 Øvre Buskerud.

Krinsmøte skal haldast minst ein gang kvart år. Krinsane kan delast inn i mindre område, ut frå geografiske omsyn.

Medlemmene i styret fungerer som kontaktpersonar i sine respektive krinsar.

Krinsmøta vel utsendingar til årsmøte, etter vedtektene sine retningslinjer.

Innkalling og sakliste skal kunngjerast for medlemene i krinsen/område minst 14 dagar på førehand.

Det skal førast protokoll frå krinsmøte. Protokollen skal underskrivast av to medlemmer valde på krinsmøte.

På krinsmøte skal fyljande saker handsamast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar.
3. Val av skrivar
4. Val av to til å skriva under protokollen.
5. Aktuell informasjon om laget si drift. Ynskje/synspunkt frå medlemane.
6. Val av utsendingar til årsmøte.
7. Andre saker.

§ 10 Styret.

Laget skal leiast av eit styre på 7 medlemmer. 6 blir valde på årsmøte, 1 skal veljast av og blant dei tilsette.

Representanten frå dei tilsette kan ikkje veljast til styreleiar eller nestleiar i styret.

Tre av dei årsmøte valte representantane skal vera frå krins Hardanger, og tre frå krins Øvre Buskerud. Styremedlemene vert valt for 2 år om gongen. Kvart år er tre av medlemene på val, første gong etter loddtrekning.

Styret held møte så ofte leiaren finn det naudsynt eller minst tre av medlemene i styret krev det. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Har eit styremedlem forfall, skal dette meldast til laget i god tid slik at varamedlem frå styremedlemmet sin krins kan innkallast. Ved likt stemmetal avgjer leiaren si dobbelt røyst.

§ 10.1 Oppgåvene til styret.

Styret skal leia laget si verksemd i samsvar med vedtektene og dei vedtak som årsmøtet har gjort, og skal følgje dei instruksar som er fastsett av offentleg styresmakt. Styret skal kartleggja, organisera og administrera all utleige/formidling av arbeidskraft slik at medlemmer og kundar får tenlege løysingar.

Styre er ansvarleg for at heile laget si verksemd vert utført på ein forsvarleg måte. Styremedlemmene har teieplikt om alt som gjeld laget si drift.

Vidare skal styret:

1. Ha ansvar for at laget har tilfredsstillande økonomi, og om naudsynt fastsetje kontingent/administrasjonsavgift.
Forvalta laget sine midlar og leggja fram forslag om bruk av disponible midlar.
2. Førebu og gje innstilling i alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet. Unnateke valnemnda sine oppgåver.
3. Syte for at rekneskapan er forsvarleg ført og revidert etter gjeldande reglar.
4. Ha ansvar for laget si årsmelding.
5. Setje opp arbeidsplan og budsjett for komande år.
6. Tilsetje og seie opp dagleg leiar og fastsetja løn og tilsetjingsvilkår.
7. Ha ansvar for at administrasjonen har tilfredsstillande bemanning og at kunnskapane til kvar tid står i forhold til arbeidsoppgåvene, og at arbeidsforhold og arbeidsmiljø er slik at det skapar grunnlag for effektivitet og trivsel.
8. Arbeida aktivt for å utvikle laget vidare, slik at andelseigarar/kundar til kvar tid får dei tenester dei har behov for.
9. Samarbeida med andre organ innan næringa for å utnytte ressursane best mogeleg, og for å styrkje landbruket i lokalmiljøet.
10. Kan opprette arbeidsutval etter behov. (Vanlegvis samansett av styreleiar, eit styremedlem og dagleg leiar.)
11. Om naudsynt opprette, eller leggje ned, utval som har konkrete tidsavgrensa oppgåver.
12. Kan vedta retningslinjer for verneombod, og kan, - i eige styrevedtak, - gje verneombodet fullmakt på laget sine vegne til å føreta besøk hjå eigarar/kundar.

Styreleiar og eit styremedlem bind laget med sine underskrifter. Styret kan gje prokura og signaturrett til dagleg leiar.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Styreprotokollen skal sendast ut til styremedlemene innan 14 dagar etter kvart møte.

§ 11 Valnemnd.

Laget skal ha ei valnemnd på 4 medlemmer, 2 frå kvar krins. Valet gjeld for 4 år. Kwart år går 1 medlem ut, første år etter loddtrekning. Den som går ut kan ikkje attveljast. Det skal kvart år veljast 2 varamedlemer til valnemnda. Den som har sete lengst fungerer som leiar.

Valnemnda skal føreslå kandidatar til alle val som skal haldast på årsmøtet, unnateke revisor og valnemnd. Revisor og valnemnd skal veljast etter innstilling frå styret. Valnemnda skal innstille på godtgjersle til tillitsvalde. Årsmøtet kan fastsetje instruks for valnemnda.

§ 12 Tvistar.

Twist mellom laget og eit eller fleire av medlemene som ikkje vert løyst på minneleg vis, vert avgjort ved skilddom (valdgift).

Skilddomstolen er samansett av 3 medlemmer. Kvar av partane vel eit medlem og sorenskrivaren i distriktet nemner opp leiaren. Dersom ein eller begge av partane innan ein frist som er fastsett av styret ikkje har oppnemnd sitt medlem, vert vedkomande medlem oppnemnd av sorenskrivaren.

Kravet om skilddom må vera kome inn til styret innan 3 månader etter at medlemen har fått kjennskap til forholdet som grunnjev kravet.

Skilddomstolen tek og avgjerd om sakskostnader.

§ 13 Vedtektsendring.

Endring av laget sine vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga kva endringa gjeld. Endring krev 2/3 fleirtal av røystene på årsmøtet.

§ 14 Oppløysing - Fusjon.

Vedtak om oppløysing av laget vert gjort av årsmøtet. Gyldig vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal av dei røysteføre på møtet. Røysterett krev medlemskap i minst eitt år. Det årsmøtet som gjer vedtak om oppløysing skal velje eit avviklingsstyre.

Når vedtak om oppløysing er gjort skal all gjeld dekkast først. Overskytande midlar skal fordelast på medlemene på oppløysingstidspunktet, etter omsetning dei to siste år. Samvirkelova av 1. januar 2008 §135.

For vedtak om fusjon gjeld same reglar som ved oppløysing, unnateke val av avviklingsstyre.

Oppnår ein ikkje tilstrekkeleg fleirtal på årsmøte, kan nytt årsmøte innkallast med 14 dagars varsel. Gyldig vedtak krev då 2/3 av røystene frå dei røysteføre på møtet.

Vedtektene er godkjende av årsmøte 31. mars 2017.